



# Vang kommune

Eirik Øye

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

FLAKRI-2022001458 -19

**Arkiv:**

K2-V83, K2-V70,  
GBNR-14/2


**Vår dato:**

26.06.2026

| Saksnr. | Utval                    |
|---------|--------------------------|
| 125/26  | Hovudutval for utvikling |

## Gnr. 14 bnr. 2 - Landbruksveg nyanlegg

Vang kommune har motteke søknad frå Eirik Øye /v Arnstein Kvaal om bygging av landbruksveg på gnr. 14 bnr. 2, sør for E16 mellom Turtnes og Øye i Vang kommune (sjå vedlagt søknad med kartutsnitt). Søknaden vurderast etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28. mai 2015 nr. 550. Kommune skal «innhente de uttalelser som er nødvendige, jf. § 1-1, og elles sørge for at saken er så godt opplyst som mulig.», jf. § 3-1 og saka har då vert på uttale hos NVE.



Figur 1. Kart frå entreprenør. Dei omsøkte vegane er markert med svart og blå striper.

**Vurdering:**

Dei omsøkte vegene er permanente driftsveger i vegklasse 7-8 på 148m og 92m. Dei skal nyttast 100% til skogbruk. Vegene gir tilgang til ca. 43,36 daa skog og skal byggas i samanheng med ei planlagt hogst. Planlagde tiltak i etterkant vil vere foryngelse/gjenplantning, reparasjon av vassløp, oppretting av køyrespor og tilbakeføring av masser. Området inneheld ikkje registrerte verdsette natur-, kultur- eller friluftsområde, men det er innanfor område for flaum, erosjon, løsmasseskred etter NVEs aktsomheitskart. Tiltaket er opplyst å kunne gi ei auka fare for flaum, erosjon eller lausmasser som kan bidra til ein auka fare for flom-, erosjon eller skredskadar på omkringliggande bustad, anlegg eller annan infrastruktur (sjå vedlagt søknad).

Vang kommune gjennomført ei analyse i sitt eiga kartsystem og har funne at området inneheld blant anna potensiell skredfare for jord- og flaumskred, aktsomheitsområde for flaum, utløsnings- og utløpsområde for steinsprang og snøskred og fleire dreneringsliner (sjå vedlagt dokanalyse gnr 14 bnr 2).

Tidlegare kartlegging dater 22.11.2019 i området har vore gjennomført i samband med evakuering av bustadar grunna steinsprang den 8. oktober 2019. Kartlegginga vart gjennomført av Skred AS på oppdrag frå NVE. Rapporten syner bustadhus nord for omsøkt område (gnr 14 bnr 9) allereie ligg i faresone 1/1000, noko som ikkje tilfredstillar kravet til ny busetnad i sikkerheitsklasse S2, jf. TEK17 kapittel 7.3. Vidare seier rapporten «Hvis terreng eller vegetasjon endres betydelig, kan det ha betydning for skredforholdene. Da anbefales det å utføre en ny vurdering»(sjå vedlagt dokument). Sidan kartlegging har det vore registrert flaumskred om lag 1200 meter aust for området i 2021. Dette skredet kryssa E16 to stader (NVE atlas). Vidare er det eit relativt nytt steinsprang litt øst for omsøkt område (NVE atlas).

Det ble i 2023 behandla ei liknande sak lenger ned i terrenget mot E16. Saken ble sendt til uttale hos NVE og SSV, og svaret var at det måtte utførast ein skredrapport ved etablering av nyanlegg, men ombygging av allereie etablert veg var greitt med vilkår. Vegen ble godkjent med vilkår om å gjennomføre avbøtande tiltak som å halde bekkar frie for hogstavfall, anleggje kryssing av bekk med bekken som lågaste punkt for å hindre nye vassløp, legge i tømmer for å forhindre utgraving og pynte køyrespor.

Tiltaket det nå er søkt om ligger lenger opp i lia frå tidlegare tiltak, og det vil mest sannsynleg ha same påvirkningsgrad på faren for skred-, erosjon-, flaum- og steinsprang som tidlegare tiltak. Kommunen ønsker likevel ei uttale angående den potensielle faren for skred-, erosjon-, flaum- og steinsprang i område og korleis dette vil kunne påverke trafikktryggleik på E16, , samt eventuell fare for bustad på gnr 14 bnr 9.

Skogeigar har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at skogsvegar og andre terrenginngrep ikkje medfører skade på omgjevnadane og fare for liv og helse, til dømes utløysing av skred.

### **Uttala frå NVE:**

*Skogsvegen er planlagt i skredfarlig terreng over busetnad. Det er kartlagt skredfare (Skred AS) i området nedanfor planlagte tiltak, jf. figur 2. Rapporten Faresoner for skred ved tidligere evakuert bebyggelse (19394 Vang, Øye – Akuttvurdering etter steinsprang, oktober 2019) langs Tynvegen viser at bustadhus på eiendom 14/9 er utsett for skredfare, og ligger innafor faresonen 1/1000. Det innfrir dermed ikkje dagens krav for ny busetnad i sikkerhetsklasse S2. I samme rapport står det og å lese at hogging av skogen i fjellsida mot sør vil føre til marginal utviding av faresonene.*

*NVE har eit fagleg råd om at skogen i vegen sitt dekningsområde blir drifta slik at den oppretthaldar sin skredførebyggjande effekt. Informasjon og rettleiing om dette kan de finne i rettleiarane Forvaltning av vernskog (særleg kapittel 4) og Vernskog og naturfare. Vi har også eit fagleg råd om at hydrolog og geolog blir nytta for vidare utgreiing av naturfaren. (jf. Tabell v.1. side 11 i «Normaler for landbruksveier»).*

### **Flaum og erosjonsfare**

*Omsøkt tiltak kjem i kontakt med NVE sine aktsemdområde for flaum, jf. figur 3. Ved bygging av skogsvegar er det viktig å ha kjennskap til avrenningsforhold og flaumberekningar i området for å kunne dimensjonere grøfter, kulvertar og erosjonssikring. NVE sine aktsemdskart for flaum viser kva areal som kan vere utsett for flaumfare.*

*Informasjon om dimensjonering av stikkrenner og bruer er å finne i Normaler for landbruksveier. Vurderingsgrunnlaget og alternativ flaumveg skal dokumenterast. Informasjon om dimensjonering av stikkrenner finn de i kapittel 3.2.5. i Normaler for landbruksveier.*

*Sjansane for naturfarehendingar blir endra i takt med klimaendringene. Dette omsynet vert gjort ved å legge til eit klimapåslag på dei vurderingane som vert gjort. Ved utgreiing av flaumfare rår NVE til at Norsk Klimaservicesenters fylkesvise klimaprofiler vert lagt til grunn.*

Viser til SVV sin uttale i tidlegare sak:

«Det er viktig at ein ikkje forstyrrar dreneringa og vassløp i terrenget. Aktuelle tiltak er m.a.:

- Oppretting av køyrespor
- Halde bekkar frie for hogstavfall
- Anlegge kryssing av bekk, der bekken er lågaste punkt, for å hindre nye vassløp
- Legge tømmer for å forhindre utgraving
- Gravemaskin vil vera tilgjengeleg under driftsperioda for ev. å gjennomføre avbøtande tiltak
- Reparasjon av vassløp
- Gjenplanting»

### **Vernskog:**

Vegane ligger i vernskoggrensa. Vernskog er eit vern frå blant anna naturskade som flom, ras og skred, samt at vernet skal bidra til å sikre foryngelse og produksjon i klimautsatte skogområde. I dette område er vernskogen ei viktig sikring for slike hendingar og ei hogst skal vurderast nøye. Kommunen vil derfor minne om at ein ikkje skal endre dei mikroklimatiske forholda slik at ein reduserer vekstforholda. Det minnst på om at hogst i vernskog skal meldast til kommunen seinast 3

veker før hogst. Kommunen reknar kunnskapsgrunnlaget som godt nok jf. §8 i naturmangfaldlova. Kommunen vurderer ikkje at tiltaket vil ha ei negativ effekt på miljøverdiane dersom ein tek hensyn til vassvegane og vernskoggrensa.

**Vedtak:**

I samsvar med vedteke delegasjonsreglement i kommunestyret i Vang datert 09.09.2021 (sak051/21) og forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til Landbruksformål, godkjenner Vang kommune ved kommunedirektøren nybygging av traktorveg som omsøkt på følgjande vilkår:

- Arbeidet skal vere fullført innan 3år, og kommunen skal informerast når anlegget er ferdig.
- Det skal gjerast tiltak for å oppretthalde god vannføring, og reparere eventuelle skader på vassløp som beskrevet i uttala frå Statens vegvesen.
- Grunneigar skal rapportere eventuelle tiltak som går ut over dei beskreve i søknad knytt til hensyn til ras-, erosjon-, flaum- og skredfare.

Dersom det under arbeidet blir funne automatisk freda kulturminner, skal arbeidet stansast og meldast til kulturminnemyndigheitene i Innlandet fylkeskommune.

Vedtaket kan påklagast til Statsforvaltaren i Innlandet, jf. §4-1

Med helsing

Kristian Lindseth Flaa

Rådgjevar landbruk, natur og miljø

Dir. tlf.: 468 13 738

E-post: kristian.lindseth.flaa@vang.kommune.no

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**